



Kartverket

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:	Vår ref.	21755325	Dato:
	Sak/dok.:	22/51012-1	20.12.2022
	Ark.:	346	

Dokumenter har manglar og kan ikkje tinglyst

Saka gjeld gnr. 212 bnr. 5 mfl i knr. 4631 Alver kommune

Vi har vurdert arealoverføringa, eigenfråsegn og erklæringa de har sendt inn for tinglysing. Dokumenter har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

Kva må til for at dokumenter kan tinglyst?

I erklæringa er det gnr. 212 bnr. 5 som gir ein rett, men samtidig får eigedomen ein rett. Vi tinglyser ikkje rett i eigen eigedom. Dette følgjer av tinglysningslova § 12.

Er arealet som det skal vere vegrett på det som blir overført til bnr. 122 er det heimelshavar til denne eigedomen som skal stå i punkt 1, det er den som skal signere i punkt 6 og det er den eigedommen som skal stå i punkt 2.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenter inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysningslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenter. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Venleg helsing

Hedvig Fredriksen
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

www.kartverket.no